



Delta Bolig Prosjektering AS
Grøvlesvingen 29
5108 HORDVIK

Referansar:
Dykkar:
Vår: 16/1573 - 18/9730

Saksbehandlar:
Stian Marøy
Stian.Maroy@radoy.kommune.no

Dato:
20.06.2018

Byggesak Gbnr 45/415 Manger - tomannsbustad - mellombels bruksløyve

Delegasjonssak nr.: 160/2018

Saksutgreiing:

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette har dei stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med løyver og krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova og vedtaka i rammeløyve datert 18.10.2016, igangsetjingsløyver datert 30.01.2017 og 26.05.2017 og endringløyve datert 11.10.2017. Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredstillande tryggleiknivå, men kommunen har identifisert attståande arbeid som følgjande:

- Ferdigstilling av VVA-anlegg Selfallet bustadfelt (mellombels bruksløyve er gitt 19.02.2010.)

Det kan derfor ikkje gjevast ferdigattest, men eit mellombels bruksløyve med varigheit på eit år.

Skildring:

| | |
|-----------------------------|-----------------------------------|
| Adresse: | Selfallet 109 |
| Bygningstiltak/bygningsnr.: | Tomannsbustad seksjon 1/300591596 |
| Bruksareal: | 131,6 m ² |
| Avlaup: | Privat avlaupsanlegg |
| Vatn: | Offentleg vassverkstilknyting |
| Tal på røykløp: | 1 |
| Adresse: | Selfallet 111 |
| Bygningstiltak/bygningsnr.: | Tomannsbustad seksjon 2/300591603 |
| Bruksareal: | 131,6 m ² |
| Avlaup: | Privat avlaupsanlegg |
| Vatn: | Offentleg vassverkstilknyting |
| Tal på røykløp: | 1 |

VEDTAK:

I medhald av delegasjonsreglement i Radøy kommune og plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve mellombels bruksløyve for tomannsbustad på gnr. 45 bnr. 415 i Radøy kommune på følgjande vilkår:

1. Ferdigattest skal liggje føre innan 20.06.2019.
2. Det vert å betale følgjande gebyr for handsaming av mellombels bruksløyve:
Kode 10.2.10 Delt sakshandsaming (mellombels bruksløyve) kr. 3 200,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato, jf. gebyrregulativet.

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt ingeniør/byggjesakshandsamar Stian Marøy.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Stian Marøy
ingeniør/byggjesakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Gaute Helland

Hellandsneset 91 5936

MANGER

Kopi til:

B

Mottakere:

Delta Bolig Prosjektering AS

Grøvlesvingen 29 5108

HORDVIK